



Helse Førde HF
Administrasjon
Avdeling for internkontroll

Besøksadresse:
Svanehaugvegen 2
6800 FØRDE

Postadresse:
Postboks 1000
6807 Førde

Telefon: 57 83 90 00

post@helse-forde.no

www.helse-forde.no

Org.nr: 983 974 732



Dokid: 15134936 (15/9451-15)
Vedk. valrett til bustadstiftingane

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Att. Trude Helen Flåten
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Vår ref: (oppgjje ved kontakt)
2015/4172 - 32782/2015

Dykkar ref.:

Saksbeh.: Bård Eikeset,
df: 57839553

FØRDE,
18.12.2015

Vedk. valrett til bustadstiftingane

Vi viser telefonsamtale den 17.12.15 vedkomande ovannemnde.

Helse Førde har gått igjennom saka som var til handsaming i Fylkestinget den 13.10.15. I samband med denne gjennomgangen har vi støtt på spørsmål som vi meiner krev ei nærare avklaring før vi kan ta endeleg stilling til spørsmålet om valrett til styra i bustadstiftingane.

For det første kan det stillast spørsmål ved om Fylkestinget er rett organ til å vedta eller initiere endringar i vedtektene til bustadstiftingane. I følgje vedtektene til stiftingane er denne retten tillagt fylkesutvalet. Fylkesutvalet kom som kjent til eit anna resultat enn Fylkestinget.

Om ein kjem til at Fylkestinget kan handsame spørsmål knytt til vedtektsendringar, så er det neste spørsmålet knytt til om vedtaket er i samsvar med reglane i stiftelseslova. I høve spørsmålet om valrett meiner vi dette burde vore vurdert opp mot stiftelseslova § 47, 1. ledd. Etter vår vurdering set denne skrankar for kven valretten kan gjevast til.

Dernest syner saksdokumenta og debatten i Fylkestinget at det vert teke til orde for ei endring av formål slik at stiftingane også skal kunne leige ut til andre enn sjukehusstilsette. Ei slik endring må vurderast i lys av stiftelseslova § 46, noko vi heller ikkje kan sjå er gjort.

På denne bakgrunn ber Helse Førde om at saka blir stilt i bero fram til ovanståande er avklart. Dersom ein finn det naudsynt deltek vi gjerne på eit møte med Sogn og Fjordane fylkeskommune og representantar for stiftingane.

Med helsing

Jon Bolstad
Adm. Direktør

Bård Eikeset
foretaksjurist

Kopi:

Bustadstiftinga ved Sentralsjukehuset Sogn og Fjordane
Bustadstiftinga ved Fylkessjukehuset på Nordfjordeid
Bustadstiftinga ved Fylkessjukehuset i Lærdal
Førde kommune v/rådmann
Eid kommune v/rådmann
Lærdal kommune v/rådmann